

NVE,
Postboks 5091,
Majorstuen,
0301 OSLO

Stord	21.05.2026
Dykkar ref.	200707947
Vår ref.	162139/1
Arkivnr.	
Saksbehandler	Hege M. W. Økland
Sider	2

Oppdaterte hydrologiske data i samband søknad om auka slukeevne i Akslandselva kraftverk, Etne kommune.

Akslandselva kraftverk AS søkte 22.03.2021 om løyve etter vassressurslova til å auke slukeevna i Akslandselva kraftverk frå dagen 0,67 m³/s til 0,73 m³/s. Høyringsfrist for tiltaket vart sett til 20.03.2025. Me har tidlegare svar på innkomne høyringsuttale i brev datert 12.02.2026.

NVE har etterspurd oppdatere hydrologiske data og desse er blitt utarbeida vert gjennomgått under.

Nye hydrologiske data og vurderingar av konsekvensar

I konsesjonssøknaden for bygging av Akslandselva kraftverk (datert 02.02.2010) og søknad om auka slukeevne i Akslandselva (datert 22.03.2021) vart det hydrologiske grunnlaget basert på skalert avrenningsdata frå vassmerket 41.8 Djupavad i åra 1974-2005. Det hydrologiske grunnlaget for gitt konsesjon er relativt gammalt og det er behov for å vurdere konsekvensane av auka slukeevne mot nyare vassføringsdata.

I den samanheng har me fått utarbeida eit notat «Hydrologiske og produksjonsmessige konsekvensar av auka slukeevne Akslandselva kraftverk» av Cand. agric Torfinn Kalle (vedlegg 1). Det hydrologiske grunnlaget er no oppdatert med data frå 1981-2025.

Nytt hydrologisk grunnlag syner:

- Fordelinga av tilsig har endra seg frå 1981 til 2025, der tilsiget har gått frå størst om sommaren til størst om vinteren (figur 4).
- Storleiken på flaumane har ein aukande trend i tidsperioden (figur 6)

Endringar i hydrologiske tilhøve fører til produksjonsmessige konsekvensar fordi ein får ein fallande tendens i sommarproduksjonen og meir av årsproduksjonen vert flytta til vinteren (1/10 – 30/4).

Eit resultat av dette er at gjennomsnittleg årsproduksjon no vert redusert til 5,5 GWh ved 0,67 m³/s og 5,65 GWh ved slukeevne 0,73 m³/s.

Tabell 1 syner korleis driftsmønsteret vert med dagens slukeevne og omsøkt auka slukeevne for hydrologisk grunnlag basert på tal frå 1981-2000 og 2001-2025.

Tabell 1: Driftsmønster i utvalde år 1987, 1997 og 1992 (frå tidsserie 1981-2000) og 2010, 2023 og 2017 (tidsserie 2001-2025) (Tabellen er henta frå hydrologisk rapport, tabell 7)

Driftsmønster	Tørt år 1987			Middels år 1997			Vått år 1992		
	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring
Hele tilsiget går i elven									
Kraftverk står	127	127	0	59	59	0	21	21	0
Minstevannføring i elven									
Kraftverk går	211	213	2	258	263	5	292	303	11
Minstevannføring + overløp									
Kraftverk går	27	25	-2	48	43	-5	52	41	-11
Sum	365	365		365	365		365	365	

Driftsmønster	Tørt år 2010			Middels år 2023			Vått år 2017		
	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring	Dagens slukeevne	Ny slukeevne	Endring
Hele tilsiget går i elven									
Kraftverk står	140	140	0	72	72	0	27	27	0
Minstevannføring i elven									
Kraftverk går	192	194	2	249	255	6	270	274	4
Minstevannføring + overløp									
Kraftverk går	33	31	-2	44	38	-6	68	64	-4
Sum	365	365		365	365		365	365	

Oppdatert hydrologisk grunnlag og berekna driftsmønster med dagens slukeevne viser auke i tal dagar med overløp på tørre og våte år og færre dagar med overløp i middels år samanlikna med hydrologisk grunnlag basert på tidsserie frå 1981-2000.


Berekna driftsmønster med auka slukeevne og oppdatert hydrologisk grunnlag viser fleire dagar med overløp i tørre år og våte år og færre dagar med overløp i middels år. Dette som ein konsekvens av klimaendringar med fleire intense nedbørsperiodar enn tidlegare år.

Rapporten viser at for heile analyseperioden (1981-2025) vert restvassføringa nedstraums inntaket om lag 29,1 % av middelvassføringa ved slukeevne 0,67 m³/s og 26,7% ved slukeevne 0,73 m³/s.

Nyare hydrologisk grunnlag viser at det vert relativ beskjeden reduksjon i vassføringa nedstraums inntaket ved auka slukeevne i kraftverket.

For meir detaljar rundt hydrologisk data sjå notatet gitt i vedlegg 1.

Med helsing



Hege M. W. Økland
Dagleg leiar/styremedlem i Akslandselva kraftverk
e-post: hok@skl.as, tlf: 97 55 61 49